

Årsmelding for

# Kviteseid misjonskyrkje for 2018

Styret for Kviteseid misjonskyrkje har sidan siste årsmøte bestått av fem personar: Sigrun Lønning Solvang, Ane Spikkeland Holm, Øystein Kvamme, Oddvar Hægeland og Sigrid T. Loftstad første halvår og Mari Songe andre halvår. I første halvår var Mari Songe 1. vara. Ho kom inn som fast medlem i styret då Ove og Sigrid Lofstad flytta. Tone Fosse gikk då frå 2. vara til 1. vara. Det har blitt halde seks styremøte med til saman 36 saker. Alle referat ligg ute på nettsidene.

Arbeidet i kyrkja har i 2018 vore på same nivå som dei siste åra. Oppmøtet på dei ulike møta har variert, og vi erfarer at vi er ikkje fleire enn vi er. Det har likevel vore eit spanande år med både tilsetting av Åsbjørg Hægeland som TenTro-lærer for dei tre konfirmantane som har valt dette opplegget og med oppstart av strikkekafe. Strikkekafeen har vore eit tiltak som samlar bra med folk som vil strikke og samlast til prat og kaffi. 10 slike kveldar var det i 2018.

Stillinga til Åsbjørg Hægeland er først og fremst retta inn mot TenTro-arbeidet, men ho har også litt ekstra ansvar for trusopplæringsarbeidet i kyrkja vår. Vi erfarer at det fungerer bra og at det var riktig å satse så offensivt som vi gjorde.

Bønemøta kva onsdag samlar ein liten trufast gjeng og har framleis plass til mange fleire. Nytt hausten 2018 var eit felles bønemøte - Bøn for Kviteseid - i regi av fellesmøtekomiteen siste ondag i månaden på Betel. Så no har vi enno eit felles møtepunkt i tillegg til felles familiemøte i januar, fellesmøte i mars, Godhetsveka, adventskonserten og joletreffesten på Sundvang. I tillegg har samarbeidet med Fredheim om Fredagsklubben halde fram. Klubben samlar mange ungdom og er eit viktig møtepunkt for dei. Vi erfarer at samarbeidet er viktig og at det betyr mykje for mange menneske. Fellesmøta i år var ved Geir Johannessen.

I løpet av 2018 blei dei halde 12 sundagstreffe. Talarane på desse var i 2018: Jan Danielsen, Karl Fredrik Kittelsen, Øyvind Slåtta, Solveig Tufte Johansen, Olaf Alsåker (Åpne Dører), Sven Øverland, Møyfrid Lunde og Eilev Erikstein. Temaa var om våren knytt til sentrale omgrep som verdifull, misjon, tilgjeven, Annie Skau Berntsen, Fridom og om hausten fortellingar som Jesus hørde (frå Det gamle testamentet). Også i 2018 gikk kollekten på desse møte til Jakobs Hus i Colombia. På to av møta har TenTro-ungdommane vore aktivt med. Som året før har også nokre av sundagstreffa hatt nattverd.

Av andre møte var det påskefrukost i mars, to bibeltimar med Amund Rannestad i april, sommaravslutning i juni og jolemøte med Gunstein Draugedalen i desember. Kledeinnsamling i regi av Agder- og Telemarkaksjonen blei halde i mai.

Eitt medlem gikk bort i 2018. Det var Marit Solvang i Asker som blei 95 år gamal.

Styret vil med dette takke alle i kyrkja som har vore med i arbeidet i 2018. Fleire gongar dette året har vi blitt minna om at Betel betyr noko i bygda og for einskildmenneske. Det er vi takksame for, og vi ber om Guds velsigning over arbeidet vårt.